



EID KOMMUNE  
ORDFØRAREN

GLOPPEN KOMMUNE  
ORDFØRAREN



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
v/fylkesordføreren  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

**Vår ref.**  
14/280-2/K2-N33//ABJ

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
02.09.2014

## **20-MINUTTSAVGANGAR PÅ E39 ANDA-LOTE FRÅ 1.1.2016**

Regjeringa peika i juni 2014 ut "indre trasé" som grunnlag for vidare planlegging av E39 Skei-Volda.

I Statens Vegvesen sin KVVU for indre trasé, er 20-minutts ferjeavgangar på E39 Lote-Anda blinka ut som første strakstiltak etter at trasevalet er gjort.

20-minuttsavgangar Anda-Lote som strakstiltak ligg også inne i både fleirtalet og mindretalet i Fylkestinget sine framlegg i handsaminga av KVVU for E39 Skei-Volda i januar 2012.

Det naturlege starttidspunktet for innføring av 20-minuttsavgangar er 1.1.2016, då dagens anbudsperiode for sambandet Lote-Anda går ut.

Fylkesutvalet gjentok kravet om 20-minuttsavgangar for E39 Lote-Anda i si høyringsfråsegn for ny anbudsperiode på ferjesambandet i februar 2014. Kravet om 20-minuttsavgangar har også full støtte frå Nordfjorrådet, Stamvegutvalet for E39, næringslivet og Helse Førde.

Anda-Lote er eit sterkt trafikert samband, som er mellom dei 15 mest trafikerte i landet. Overfartstida er kort (ca 8 minutt). Når Lavik-Oppedal no får 20-minuttsfrekvens, er Anda-Lote det einaste av dei tre store ferjesambanda på stamvegnettet i Sogn og Fjordane som ikkje har 20-minuttsfrekvens.

Det har no gått snart eit halvt år sidan høyringa av rutetilbod for E39 Lote-Anda i ny anbudsperiode var avslutta, og snart tre månader sidan Regjeringa gjorde sitt traseval.

Vi vil oppmode Fylkesordføreren om å ta snarleg kontakt med Samferdsleministeren for å krevje at saka no blir avklart, og vere tydeleg på at 20-minuttsavgangar på E39 Lote-Anda frå 1.1.2016 er eit prioritert krav frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Anders Ryssdal  
Ordførar Gloppen

Alfred Bjørlo  
Ordførar Eid

---

Postadr.:  
Rådhusvegen 11  
6770 Nordfjordeid  
Kontoradresse:  
Rådhusvegen 11  
org.nr: 938521816

Telefon:  
57 88 58 00

Telefaks:  
57 88 58 01

Bankgiro:  
3790.07.00130  
5398.05.01120

E post:  
[post@eid.kommune.no](mailto:post@eid.kommune.no)  
Heimeside:  
<http://www.eid.kommune.no>